

Min kamp

Karl Ove Knausgård – og kampen for fiksjonen

☛ **Karl Ove Knausgård** (1968–) debuterte i 1998 med romanen *Ute av verden*. For denne boka fekk han som første debutant nokon gong den prestisjetunge Kriticarprisen. Ni år seinare kom *En tid for alt*. Romanane har same hovudkarakter – Henrik Vankel, og da Knausgård i 2009 gav ut første bind i *Min kamp*-serien, såg fleire på dette som den tredje boka i serien om Henrik Vankel. Skilnaden var at forfattaren Karl Ove Knausgård kom inn i staden for Henrik Vankel. Grensene mellom fiksjon og røyndom vart utydelege – og med eitt var Karl Ove Knausgård den mest debatterte og omtalte norske samtidsforfattaren.

☛ I det ambisiøse seksbindsverket *Min kamp* (2009–2011) skriv Karl Ove Knaus-



Foto: Daniel Nilsson / TT / Scanpix

gård svært utleverande og ærleg om sitt eige liv. Han fortel om hendingar frå oppveksten, han brettar ut dei to ekteskapa sine, og han skriv nærgåande om tilhøvet til barna sine og den avlidne faren. Knausgård insisterer på å kalle utgivingane romanar, sjølv om dei heilt klart har ein biografisk innfallsvinkel.

☞ Romanserien vekte sterke reaksjonar i den norske offentlegheita. Knausgårds slekt og ekskona hans har reagert på å bli gjorde om til romanfigurar – figurar heilt prisgitte Knausgårds blikk og penn. *Min kamp*-prosjektet har vorte stempla som «uetisk judaslitteratur», noko som synleggjer kva som kan skje når skiljet mellom fiksjon og røyndom blir utfordra.

☞ Knausgård vaks opp i Arendal og Kristiansand, men bur no i Malmö, Sverige. Han har skriva ei rekkje fagessays om litteratur og var i ein periode medredaktør i lit-

teraturtidsskriftet *Vagant*. Knausgård har fått fleire prisar for forfattarskapen sin. I tillegg til Kritikarprisen i 1998 fekk han i 2009 Brageprisen for *Min kamp 1*. To gonger har han også fått både P2-lyttaranes romanpris og Sørlandets litteraturpris.



Høyr Karl Ove Knausgård forklare kvifor han ønsker å gje ut fortellinga om seg sjølv, oppveksten, og livet fram til han var 41 år. Frå «Bokprogrammet» på NRK.

Ein ung mann i drift

☛ I *Ute av verden* (1998) møter vi for første gong Henrik Vankel. I ein alder av 26 år reiser han frå heimtraktene på Sørlandet til eit lite lokalsamfunn i Nord-Noreg. Her skal han arbeide som



Fjordgård på Senja i Troms der Karl Ove Knausgård jobba som lærarvikar etter gymnasen. Foto: Terje Mortensen / VG / Scanpix

lærarvikar mens han freistar å realisere draumen om å bli forfattar. Romanen tek ei drastisk vending når Henrik Vankel forelskar seg i ein av elevane sine, den 13 år gamle Miriam. Det heile kulminerer når Vankel – i fylla – har seksuell omgang med jenta. Etter denne hendinga nærmast flyktar han frå staden. Romanen tematiserer ein ung manns drift – ei drift veksel-

vis bort frå og inn mot seg sjølv. Identitet og strev etter å fylle ei uklar mannsrolle er også sentrale motiv i denne romanen.

☛ I *En tid for alt* (2004) møter vi igjen Henrik Vankel. Denne gongen sit han på ei øy og gjenfortel bibelhistorier. Han går djupare inn i bibelske karakterar som Noah, Kain og Abel, og deira tankar, sorg-er og gleder blir dermed frigjorde frå den knappe bibelske framstillinga. Gjennom ei nærast essayistisk utgreiing om arbeida til den fiktive italienske engleforskaren Antinous Belloris, utfordrar Knausgård også det klassiske skiljet mellom vitskap og tru. Men kva med Henrik Vankel? Historia hans blir først henta opp igjen etter 500 sider om englar og bibelhistorie. På øya Sandholmen sit han nesten like ribba, utstøytt og forlaten som ein fallen engel. Flukta frå det nordnorske bygdesamfunnet som blir skildra i *Ute av verden*, har sett djupe spor.

Min kamp

☛ I *Min kamp* gjenfortel Knausgård mange av historiene frå dei to førre romanane. Henrik Vankel blir erstatta av romankarakteren Karl Ove Knausgård,



Høyr Karl Ove Knausgård lese frå «*Min kamp*»

og historiene om han blir sette inn i ein biografisk kontekst, altså forfattaren Karl Ove Knausgårds livshistorie. Dette skiftet i perspektiv er heilt klart eit risikoprojekt – gjenforteljingane kan «trøyte» lesarane av forfattarskapen hans. Samstundes bidreg det til ei spaning i tekstane hans; kor mykje er basert på sjølvopplevde hendingar, og kor mykje er rein fiksjon?

☛ Også innad i *Min kamp*-serien gjenfortel og gjentek Knausgård same historier og episodar – med somme nyanse-skilnader og endringar. Gjentakingane



bidreg derfor til å problematisere både røyndomsperspektivet og sanningsgraden i tekstane hans. Når dei ulike gjenforteljingane ofte er litt ulike, blir minna og fortida frigjorde frå røyndommen.

Historiene trer fram som det dei er; nemlig Karl Oves *forteljingar* om fortida.



I sjuande etasje i denne bygården i Malmö budde Karl Ove Knausgård med kona og dei tre borna då han skreiv «Min Kamp». Foto: Eivind Griffith Brænde / VG / Scanpix

☞ Romanprosjektet *Min Kamp* tek for seg Karl Ove Knausgårds liv fram til den dagen prosjektet blir avslutta – altså eit forløp på 42 år. Lesarane får eit innblikk i barne- og ungdomsår, og korleis Knausgård i dag lever eit tilnærma A4-familieliv med kone og barn i Malmö i Sverige, eit

samliv som i periodar er truga av psykiske lidingar. Navet som forteljinga dreier seg rundt, er likevel farens død, eit dødsfall som fører hovudpersonen Karl Ove inn i ei krise. Forholdet til faren blir skildra som kaldt og prega av avstand, angst og frykt, men dødsfallet går likevel sterkt inn på sonen. Den kjensleborne ambivalensen til hovudpersonen pregar heile romanserien.



Linda Boström Knausgård utanfor huset ved Ystad i Sverige som dei kjøpte etter suksessen med «Min kamp». Foto: Annemor Larsen / VG / Scanpix

Detaljrik impresjonisme

☞ Somme kritikarar har samanlikna skrivestilen til Knausgård med *barokkens* ideal om detaljrikdom – alt skal skildrast så detaljert og nøyaktig som mogleg. I *Min Kamp* er det lange skildringar av korleis Karl Ove vaskar opp, lagar middag, traktar kaffi eller opplever eit barneselskap. Detaljrikdommen er stor, og sjølv om det ikkje skjer så mye, driv språket og forteljeteknikken historia framover.

☞ Skrivestilen til Knausgård har mykje felles med den retninga som blir kalla *impresjonismen* i målararkunsten. Forfatteren *målar* stemningar og inntrykk med språket. Til liks med dei impresjonistiske målarane er det ikkje ei nøyaktig avbilding av røyndommen som er interessant, men kva stemningar og kjensler ei hending vekker. Denne måten å skrive på kan



Barokk detaljrikdom eller impresjonistiske stemningar?
«Ung hare» av Albrecht Dürer og «Vår» av Claude Monet.
Wikimedia Commons

samanliknast med **Marcel Prousts** *På sporet av den tapte tid* (1913–1927). Som Proust er Knausgård oppteken av korleis kjensler og refleksjonar startar med sansing og oppleving. Det er ikkje tingen i seg sjølv som er interessant, men kjensla han vekker hos karakteren – og hos lesaren.

Den inste kjernen

☛ Knausgård har ytra at drivkrafta i det litterære prosjektet hans er å nå inn til kjernen i det å vere menneske. For å lykkest med det må han utlevere seg sjølv og dei inste tankane og kjenslene sine – heilt ærleg, blottstilt og nådelaust. Gjennom å gå så tett inn på det private og individuelle tematiserer og granskar romanane samstundes det som er allment menneskeleg. Kva er det som driv oss? Korleis ter vi oss i høve til andre menneske? Kvifor handlar vi som vi gjer? For Knausgård er ein viktig del av denne prosessen å prøve å forstå faren sin – og dermed seg sjølv. Kven var denne skremmande farsfiguren *eigentleg*? Og kvifor har han sjølv så mange av dei destruktive og negative sidene som han forakta hos faren?

Lengsel etter litteraturen



Foto: Daniel Nilsson /
TT / Scanpix

☛ Knausgårds lengsel etter å skrive er eit gjennomgangstema i store delar av romanprosjektet.

Vi møter han som elev på Skrivekunstakademiet i Bergen. Han søker inspirasjon hos store forfattere som Hamsun, Ulven og Larsson, men opplever at forsøka hans på å skrive blir sette på som klisjéfylte og lite originale. Det er først når han opplever å kunne skrive om sitt indre, at det losnar for han. *Min Kamp* inneheld fleire diskusjonar og refleksjonar kring kva god litteratur er, og kva litteraturen bør prøve å formidle. Gjennom desse refleksjonane set Knausgård sitt eige prosjekt inn i ein litterær samanheng.

Notid og fortid

☛ Knausgård problematiserer og granskar tilhøvet mellom notid og fortid. I *Ute av verden* skriv han dette om dødsfallet til faren:

Femten år senere var han død. Og så voldsomme var omstendighetene rundt dødsfallet hans, at han med det ikke bare forandret framtiden vår, men også fortiden. [...] En slags kulde har spredd seg ut i den, noe høytidelig som vi ikke visste om mens vi var der, men som nå preger alt som fant sted, selv det mest trivielle og hverdagslige av det vi gjorde. Og det er en urovekkende tanke, at heller ikke fortiden er avsluttet, at også den fortsetter å endre seg, som om det i virkeligheten bare finnes én tid, for alt.

☛ Den kulda som legg seg over alle minna han har av faren, illustrerer korleis vi som menneske heile tida *konstruerer* vår eiga livshistorie og forteljing. Det finst

ikkje éi fortid, men mange! Fortida er ikkje ei konkret hending eller oppleving, men ei forteljing om – og ei kjensle av – kva denne fortida var. Romankarakteren Karl Oves kjensler og tankar omkring faren er heile tida prega av korleis forfatteren Karl Ove Knausgård sjølv har det *her og no* – i den notidige skriveprosessen.



Foto: © Fredrik Bjerknes / Dagsavisen / Samfoto / Scanpix

Å skrive sitt liv

☛ Knausgård skriv seg inn i ein tradisjon der forholdet mellom fiksjon og røyndom blir problematisert. Allereie på 1890-talet hadde forfattarar knytte til **Kristiania-bohemen** som mål «å skrive sitt liv». På 1950-talet vart **Agnar Mykles** (1915–1994) roman *Sangen om den røde rubin* (1956) trekt for retten. Sjølv om det i



Rettsaka om boka «Sangen om den røde rubin» av Agnar Mykle vekte stor interesse i mediene. Foto: Aktuell / Scanpix

første rekkje var «usedelig» innhald som førte til rettssak, var også eit av ankepunktta Mykles bruk av «levende modeller». Fleire personar i Mykles omgangskrins reagerte på at romankarakterane hans var lett forkledde utgåver av dei sjølve.

☛ Fleire romanforfattarar på 2000-talet tek utgangspunkt i eller nyttar medvite biografisk materiale i dei litterære verka sine. I Noreg har mellom anna **Nikolaj Frobenius** (1965–) skrive ein «løgnaktig selvbiografi» – *Teori og praksis* (2004) – om oppveksten sin på Rykkin – illustrert med bilete og kart frå stadene han skriv om. I Sverige har **Åsa Lindeborg** (1968–) skrive *Meg eier ingen* (2007), om oppveksten sin med ein alkoholisert far, og våren 2011 vart danske **Claus Beck-Nielsen** (1963–) frikjend for injurierande omtale av ein tidlegare ven i romanen *Suverenen* (2008).

Pseudorøyndom

☛ Knausgårds prosjekt kan også plasserast i ein postmoderne medierøyndom som er prega av leik med røyndom og reality. Tv-seriar som *The Hills* og *Paradise Hotel* er døme på at ein kan leike med, og setje i scene, røyndommen. Dei sprengrer den tradisjonelle sjangerforståinga og skaper ein *pseudorøyndom*. Dette er noko den moderne mediebrukaren er godt van med å takle – så kvifor da ikkje i ein skjønnlitterær samanheng også?

☛ Debatten i kjølvatnet av *Min kamp*-serien hyllar på den eine sida prosjektet som banebrytande, nettopp som ein del av ein slags pseudorøyndom. På den andre sida er mange svært kritiske til at han trekkjer inn – med eller utan samtykkje – verkelege personar i romanprosjektet sitt. Og for dei involverte partane, mel-

lom anna Knausgårds ekskone, blir ikkje romanprosjektet opplevd som ein pseudorøyndom, men som ei utlevering av intime kjensler og hendingar.



Foto: Daniel Nilsson / Scampix

Ein problematisk sjanger

☞ Men korleis skal offentlegheita møte eit romanprosjekt og ein sjanger som medvite blandar røyndom og fiksjon? Noko av spenninga i prosjektet ligg nett-opp i at vi ikkje veit når Karl Ove Knausgård utleverer seg heilt, og når han poserer og set seg sjølv i scene – altså når han fortel sanning, og når han diktar. Samstundes utfordrar sjangeren heilt klart etiske og juridiske spørsmål. Kan ein skrive kva ein vil om andre menneske under dekkje av at det er fiksjon?

☞ Romanprosjektet til Knausgård tematiserer på mange måtar kva som kan vere følgjene av at «dei store forteljingane er døde», og at vi menneske er overlatne til oss sjølve i forsøket på å skape mening i tilværet. Korleis kan vi finne vår eigen identitet i eit mylder av valmoglegheiter?

Kor går grensene for kor mykje ein kan seie og skrive om andre menneske i eit forsøk på å forstå seg sjølv?

☞ Sjølv hevdar Knausgård at han har rett til å formidle si historie, si sanning – med trykk på si. For å skape seg ein identitet er han nøydt til å fortelje historia om sitt eige liv. På denne måten konstruerer han si eiga sanning og sin eigen røyndom.



«Mitt liv som romanfigur.» Bøkene til Knausgård vekte både begeistring og harme. Her får du eit lite utsnitt av oppstyret. NRK Skole.

